

ATRAA STAVKYRKJE ¹⁾

er tvillaust den eldste kyrkja paa Tinn. Det gjeng segn um, at ho stod paa Storebrot og hadde opne svalgongjer. Desse vart tekne burt, da kyrkja vart flutt nord paa Lislelandgjordet. Det var i Magnus Erlingsons eller fraa fyrsten av Sverres styrings-tid, at kristendomen bar til aa slaa rot i folkehjarta. Paven og bispane synte kje minst magti si, med di dei bygde gilde, rikt pryda kyrkjur. Det var bispen paa Hamar, som tok seg av kyrkjebyggnaden paa Tinn, og soleis hev Atraa kyrkje vorte reist i den tidbolken dei vanleg kallar stavkyrkjunes blømingstid. Det var mykje fagert og vænt i desse gamle kyrkjehusi, og me ynskjer no, at desse erveminne fraa fedrane, hadde vorte sparde. Men den gamle folkekunsti fall for ei smaklaus nedgongstid i slutten av 17- og fyrstningi av 18-hundradtalet.

¹⁾ Ved eit reint slumpehøve fekk Kjetil G. Asland tak i ei teikning av stavkyrkja i Atraa. Det var hjaa presten Seip i Numedal. Kona hans var i skyldskap med ein prest, som hev vore i Tinn, og soleis hadde ho fenge tak i det. Bilæte er venteleg teke nestfyre dei reiv kyrkja, me ser det ligg ein brote timber innved muren.

Alt vart rivi ned og selt som verdlaust skrap, og me finn no att berre ein og annan leivning rundt paa gardane og i forn-
tidssamlingi i Kristiania. Sokneprest Heyerdahl, som var her i
1820-aari, saag seg nøydd til aa krevja ny kyrkje i Atraa. Det
var so vel, at han hadde skyn paa runetyding og var glad i
dei gamle erveminne. Paa ein av plankane ved døri vart han
vår ei innskori runeinnskrift. Desse runer gjev oss tolleg god
greide paa kyrkja. Etter dei maa ho vera innvigd i tidi ikring
1180 av bisp Ragnar. Innskrifti ser soleis ut:

I :

R R R : B I I Y A B : N I Y D I : Y I R : Y I A : D I I I I : D I :
Y A Y D I : * A T A Y : Y A T Y D I : D I : D A R D R : Y B I T I T
A Y : T I T R : T Y R : * D R A R : Y A R : A Y : D A R I T I T :
R A D I : A Y D A R Y I T : * * I T : R T I I I : R A T R : D I I I R

II :

T I T : T R . Y N D I I : * N I . T Y . Y N D . B T T I I . D I T . T R .
Y T R I . T T I . T Y . I N I . * N T I . D I T . I Y . N B * T T I I R

III :

T I T Y R : K R T I I R . R T I I . R A T R D I I I R

IV :

D A I T I T B T Y T I R R T I T R A T I R D I I I R
I N I T * D I T T R T I I R T I T I A Y

V :

A T Y I R A . T I R

I

*rānnār: biskop: uigþi: kir: kiu: þessa: þa: fylgþi: honom:
fylgþi: þa: þorþr: kabalæin: ok: æinār: nafr: ok prōn tr: mokr:
ok: þorstæin: rāuþi: ok þon tr kin: ok han: ræist: runār: þesar*

„Ragnar biskop viede denne kirke. Da fulgte ham, fulgte da Tord kapellan og Einar „nafr“¹⁾ [mulig skulde der ha staat $\text{†} \text{†} \text{R}$, *naf ar*, det er „navar“] og Trond „mok“¹⁾ og Torstein rode og T[r]ond kinn¹⁾, og han ristede disse runer“.

II

*[þ]eta:²⁾ er: guþas: hus. æk. guþ. blæsi. þan. er. gera. let.
æk. sua. huæn. þan. som. uphæltar³⁾. „Dette er Guds hus, og Gud
velsigne den som gjøre lod og ligesaa hver den som vedligeholder“.*

III

*aslagr: prestr: reit. runār þessār. „Aslag prest ristede [1 rune
synes udeglemt i rei[s]t] disse runer“.*

IV

*þostæin bengæir ræit runar þesar sutak þan er nesr net iolom.
„Torstein bengeir [det er: saar-spyd] ristede [s her ligeledes ude-
glemt, og † skrevet istedenfor †] disse runer søndag(en) den som
(var) næst jul“. Verbet mangler i sidste sætning, og net synes at
være kommet ind ved forsøg paa at rette nesr til nestr.*

V.

Olafar ? lsr. „Olav“, hvorefter uforstaaelige runer.⁴⁾

Av dei her nemnde menn er berre bisp Ragnar kjend. Han styrde bispeumbodet i Hamar i tidi millom 1163 og 1190, og alderen paa Atraa kyrkja skulde soleis vera historisk fastslegen. Ho er ellest nemnd i 1368, 1419, 1420, 1425, 1489, 1491, 1501 og av bisp Jens Nilsson i 1595.

Av andre ting som slær fast alderen er det, dei fann under golvet: tri sylvskillingar, seks økseblad, tvo piloddar, ei signetplate av kopar, fire tolleknivblad og eit stykke av ei farga glas-

¹⁾ Desse ordi er persontilnamne.

²⁾ Fyrste rune þ manglar no.

³⁾ Av *ta* er berre det nederste no synleg; moleg er ogsaa $\text{†} \text{†}$ (*da.*)

⁴⁾ Tydingi av runeinnskrifterne er av professor Magnus Olsen.

kule. Desse ting kan sjølvsagt ha kome der seinare gjennom det grise golvet, men sylvskillingane skriv seg i alle fall fraa tidi millom 1205 og 1263.¹⁾ I ei melding fraa 1662 fær me høyre um Atraa kyrkje, at ho mangla spaan paa det vesle skruvet yvi døri og ifraa 1668 heiter det, at kyrkja „i sig selff“ (d. v. s. sjølve skipet) er „av stolper og planker bjugt og med svaler omkring og overalt med spaan tegt“. Av same melding hev Dietrichson funne ut, at sjølve takstolen var 34 fot. Skipet skulde soleis vera millom 10 og 11 meter. Naar det vidare heiter, at skipet „er af stolper og planker bjugt“, so er det truleg, at det gamle opphavelige koret alt da var umbytt med eit nyt timbra. Det var aalment etter reformasjonen aa bruka timbrevegg istaden for stolpereising.

Ellest maa me tenkja oss kyrkja rikt pryda med Maria-bilæte, apostlane og andre heilage menn, ljosstakar, alterkalkar og mykje anna, som vart bruka i den katolske gudstenesta. Me kan vera visse um, at det framigjennom tiderne hev vorte umskipla, og det finaste og verdfullaste er teke burt etterkvart. Dei lutherske prestane hadde liksom heilag plikt aa rydja burt alt, som minna um pavedømet, og Atraa kyrkje fekk sitt, um aalmugen jamt held atti. Hellek H. Husevold hugsar kyrkja godt, og han fortalde mykje forvitnelegt um, hoslein ho saag ut no i seinare tid. Ho hadde 3 dører.²⁾ Ei paa uppsida mot nord, ei mot sud og hovuddøri mot vest. Kring døri paa nordsida var eit utkrota skjeltil. Døri mot sud var smal, det seiest, at det synte slit i dørstokken etter knivslirine, som dei bar, ei paa kvar sida. Det var to trappestig fraa skipet og upp paa korgolvet. Her gjekk ein igjennom ein stor bogeport fram mot altaren. Paa eine sida aat altaren var Adam og Eva teikna. Altertavla var Jesus og læresveinane. Atraa kyrkje hadde i seinare tid fenge himling, som var rikt pryda med bilæte av dyr og englar, sume berre hovudet, sume heile kroppen. Prekestolen stod paa vinstre hand, naar du kom inn, og innmed den var eit stort glas, dei hine glasi var smaa. Det var og trev (galleri), eit for mannfolk tvert yvi og eit for kvinnfolk paa eine langveggen. Døri gjekk

¹⁾ Schive, Norske mynter.

²⁾ Harry Fett nemner, at naar det var dør paa sudsida, so var den for menn, medan døri paa nordsida var for kvinnur.

innyvi, men da det synte seg vera faarleg, um det kom varme laus, kom eit reskript i 1823, som paala aalmugen aa snu døri, so ho gjekk ut. Da hogg dei utan vidare dørgaatt i sjølve søyla, som soleis vart mykje øydelagd.

Me tek eit lite yvisyn yvi *kyrkjeeiga*. Som me alt hev nemnt, eigde kyrkja fleire gardar eller part i gardar. Innkomsten av det vilde vore nok til aa halde kyrkja godt istand, um ikke ein stor part hadde gjenge ein annan veg. Rekneskapi gjev best greide paa, kva kyrkja aatte, so me fær halde oss til dei. Bisp Øystein's jordebok nemner, som me hev høyrte, ikkje noko ifraa Tinn. Me hev soleis ikkje oppskrifter fraa dei allo eldste tider. Eit kyrkjerekneskap for aari 1620—1640, syner mest berre underskot.

For aari 1625—27:	Innkoma	32 rdl. og 3½ mark.	Utgjevst	25 rdl. 1½ mark.
- - 1628—30:	-	32 - - 3½ -	-	33 - 0 -
- - 1631—33:	-	32 - - 3½ -	-	35 - 2 -
- - 1634—36:	-	32 - - 3½ -	-	32 - 1½ -
- - 1637—39:	-	35 - - 3½ -	-	41 - 1 -

I denne tidbolken hev dei millom anna kosta eit „kaarsbaand“ yvi kyrkjedøri, 3 dagsverk 1½ rdl. Lagt inn glas for 4½ rdl. og diutan tjørubræding og spaan. Ennvidare er kjøpt ein kjel for 8 rdl., bygt eit „pulpitur“¹⁾ yvi døri, kjøpt klokkestrengjer og 2 stolar og ein kalk til bruk i soknebod. Fyrst i 1650 fær me vita noko um sjølve kyrkjeeiga. Da eig Atraa kyrkje 37 skinn og 2½ td. i skyld, men det er visseleg ikkje alt, for fraa 1660 aari er ei full oppskrift, som me tek med som eit døme paa, hoslein dei fekk inn pengar, og hott dei bruka dei til.

Rekneskap for Atraa kyrkje for 1661—1662:

Maarheim	1 hud.	Steinsbøle	3 kalveskind.
Sjautveit	½ „	Tverberg	1 „
Luraas	½ „	Uddaren	1½ „
Rue	1 „	Sønstebø	4 „
Egggerud	1 td. korn.	Sønstegard og Svalastogo i	
		Rusgrendi	8 „
Traen	1½ „ „	Gjøystdal	8 „
Jeljord	½ „ „	Vaalund	1½ „
Saalar	½ „ „	Hegtveit	1 „
		Dale	1 „

¹⁾ Pulpitur er ein innklædd stol for storfolk. Den stod gjerne paa gallerie.

So hadde kyrkja desse kyr og sauer:

Hjaa herr Verner	4 kyr.	Hjaa Gunlek Midtgard	1 kyr.
„ Gunlek Luraas	1 „	„ Kirsten salig og	
		herr. Asbjørn	1 „
„ Astrid Haukaas	1 „	„ Nils Lisland	1 sau.
„ Øistein Jeljord	1 „	„ Hellek Marumsrud	1 „
„ Ola Berge	1 „		

Det gjer $3\frac{1}{2}$ td. korn à 6 mark = 5 dl. 1 mark 0 skl.

3 huid „ 5 „ = 3 „ 3 „ „

29 kalvskinn „ 6 skl. = 1 „ 3 „ 6 „

10 kyr „ $\frac{1}{2}$ dl. = 5 „

2 sauer „ 8 skl. 16 „

Ihoplagt for 2 aar vert det 31 dlr. 3 mark og 20 skl.

So hadde kyrkja tilgode av kyrkjevevjarane Anders Haakaland og Hellek Øyaland 12 dlr. og 4 skl. Ennvidare tilgode av enka etter Asbjørn Knutsen 8 dlr., som ho hadde teke til seg for eit messehagl til Mæl kyrkje. Alt i alt vart det soleis 52 dlr. i desse tvo aari. Herifraa gieng desse utgjevster:

Lensherren for rekneskap 2 dlr. Reise for presten, da bispen var død 10 dlr.

Bispen for salarium 2 „ Prosten for aa „kalde“ presten 1 „

Prosten for visitas 2 „ Prosten for aa setja presten inn 1 „

Rekneskapsforhøyr 1 „ Stiftsskrivarens lønn 2 „

For „besigtigelse“ av kyrkja 1 „ For kosthald 1 „

For ein ny kyrkjestol 1 „ For brød og vin 6 „

Kassesummen hjaa kyrkjevevjararen Verner Morland vert soleis 22 dlr.

Me kan ikkje sjaa, etter dei rekneskap me hev, at det hev vore noko vidare utgjevstir til vedlikehald eller større umvølingar. I 1666 heiter det, at dei betalte glasmaesteren 3 rdl. for „haffuid kircens 8 vindufuer at ladit forfærdige, som gandske vare i sønder og blev lagt i nyt bly“. Ellest er det berre smaa vølingar paa taket, dørane og glasi. Fyrst i 1699 vart ho tjørubredd yvi det heile. So gjer me eit hopp fram til 1715—17. Det er da same eiga, berre den skilnad, at det da er 11 kyr.¹⁾ For desse 3 aari hev Atraa kyrkje ei innkoma paa 67 dlr. 1 mark og 16 sk., og i utgift 65 dlr. 1 mark og 1 sk. Kassesummen er da skrumpa inn til 1 dlr. 3 mark og 22 sk. Ved sida aat dei vanlege utgjevstir finn me *krigsutstyrskatt* og til den danske kyrkja i London og til misjonen i Finmarki. Ved kyrkjesalet i 1723 er det i salsdokumentet gjeve upp det kyrkja aatte. $2\frac{1}{2}$ hud, 29 kalvskinn og $3\frac{1}{2}$ td. korn. Prost Qvisling hev i 1728 ennvidare skrivi upp, at kyrkja eigde i Gollo 2 kyr, i

¹⁾ Venteleg den kyri Truls Gaustad maatte leggje i bot for eit slagsmaal.

Talaasen, Midtbøen, Strand, Maarheim, Bernaas kvar 1 kyr, og i Røysland 1 kyr, som Alv Gjeisklid hadde gjeve, i Gjøystdal 1 kyr, i Hægar 1 kyr, som mannen sjølv hadde gjeve, ialt 11 kyr. I Vaalund, Bøen, Dale, Luraas og Baklien kvar 1 sau, ialt 5 sauer. I pengar gjer det 6 daler 2 mark og 16 skl. Naar so dertil kjem verdien av skyldi, vart det kje so liten innkomst kyrkja hadde paa den tid. I same dokumentet er ved sida aat dei vanlege utgjevstir desse: „Studieskat 34 skl. Til Kristiansand kirke 24 skl., del i degnens løn nogle skl. Til sognepresten udi Skien 24 skl. Til bispeenken i Kr.sand 1 daler, og naar hun er død, skal det gaa i vores egen kaase. Missjonen i Finmarken 2 daler“. I 1775 syner rekneskapen, at kyrkja aatte 2½ hud, 20½ kalvskinn, 3½ td., 10 kyr, 3 sauer og 3 dl. og 18 skl. i laus landskyld. Taksten er ymiss, men det heile er rekna ut til 38 dl. og 16 skl. I 1813 nestetter pengenedslaget kom kyrkja i ei gjeld paa 894 rbd., men det retta seg fort uppatt, og alt i 1830 hev ho ein kassesum paa 29 spd. Denne eiga auka og minka millom 30 og 55 spd. i tidi fram til 1850. I 1864 er kyrkjeieiga 362 spd., men no etterkvart tek dei, som sit med kyrkjeskuld, til aa løyse det inn med ein sum eingong for alle, so no er det ingen, som hev serutgjevstir til Atraa kyrkje.

Sjølve lausøyret i kyrkja vitna um, at dei ikkje hev kosta seg burt i verdfulle prydnadsting. Me kan ikkje sjaa, at det hev vorte gjeve mykje innbu til kyrkja, so som ein finn det, der det hev vore mykje storfolk.

Etter ei uppskrift fraa 1662 fanst det i Atraa kyrkje:

1 sølvkalk og disk 27 lod.	1 messehagl av uegte sølv og guld.
1 halvslidt messeserk.	1 alterdug med kniplinger omkring.
1 par store messingstager,	1 jernlysestage med 3 piber i.
veier 1 bismpd. 18 merker.	1 Do. Do.
1 alterbog.	
1 psalmebog og 1 Do. gammel.	1 stort beken i fundten.
2 klokker i taarnet.	1 Do. mindre.
1 primklokke. ¹⁾	1 tjærekjedel 3 qvt.
1 gammel bibel infolio.	1 Do. Do.
1 bibel i 4 parter.	

¹⁾ Primklokke, ei klokke dei ringde med til morgonmessa, kl. 6.

I 1715 finn me det same; men da hev det kome til ein sylvkalk til bruk i soknebud, kjøpt i 1667, ei ny messekjurte, ein ny altarduk av kvit dreiel, ei altarbok av dr. Bagger, ein ny postil, gjeven av prost Green, ein messehagl av silkeplys, gjeve av aalmugen.

Som me fyrr hev nemnt, vart dei mest verdfulde ting — fraa den tid kyrkja var rik — tekne burt. Seinare hev oppkjøparar og forntidssamlingi fenge tak i det, som var sermerkt fraa eldre tider. Soleis finn att den gamle døypestolen, som venteleg er den same som er nemnd i 1662, og som vart sendt inn til forntidssamlingi ikring 1836.

Det gamle døyfefatet er av messing og er 41 cm. i tvermaal. Th. Kielland i Kunstindustrimuseet skriv soleis um det fatet: „I bunden en spiral-roset av bukler, deromkring en bord med minuskler, sammenstillet uten mening, og yterst en bord av spiralbukler. Paa kanten et litet penslet 3-bladet ornament, sat sammen til bord.

Tysk arbeide fra 1500-aarene”.

Den eine av klokkune er fraa millomaldere. Maken hennar er burte.

Det gjeng segn um, at detskulde vera noko umfram med klokkune i Atraa. Det var so godt maal i dei, at



Døyfefatet.



Døypestolen i Atraa kyrkje.

dei hørdest til Jønberget i Gjøystdal og til kyrkjelidokki i Gauset. Dei hørde skili dei sa: „Torstein Langbein, Guri Trondhjem”

Men danskane lika kje, at tinndølane hadde so gjæve kyrkjeklokkur. Dei tok dei ned,



Den gamle klokka i Atraa.

altarbilæte er fraa 1625, men sjølve bilæte er burte. Det skulde vera — ettersom Hellek Husevoll hugsa — Jesus og læresveinane.

Skriftestolen er tvillaust fraa millomalderen. Naar dei skriftona for presten, var dei inne i eit myrkt rom aleine med han. Ikkje eingong presten maatte sjaa syndaren. Her stod dei paa kne paa stolen, medan presten tala ved dei.

Altarduken, som no er i kyrkja, er arbeidd og gjeven av fru Mette Green ikring 1726. Det heitest, at ho gav duken til kyrkja, so mannen hennar fekk fred i gravi. Paa framsida er sauma tvo utepaa fine monogram. Det øvste J. H. S. tyder: J. er fyrste bokstaven i namnet Jesus. H. tyder mann (men-neske). S. tyder Salvator frelsar, Jesus (menneskjens) frelsar. — Monogrammet under er namnet aat Mette og Peder Fredriksen Green.


men hoslein dei bar seg aat, so kom dei kje lenger enn sud paa Dugningshaugen. So laut dei køyre klokkune attende.

Tinndølane tjørubrødde den, som var vænaste laaten i, so det ikkje skulde freiste fleire røvarar. Det er den klokka, som er i kyrkja no. Den nye klokka ber aastallet 1802 og hev ei slik paaskrift: „Støbt av Erik Schmidt til Tins kirke“.

I klokkesnøane er det tvo ringar av tvinna jarntraad og forma som Olavsspenlar. Den eine — heitest det — skal vera umaateleg gamal. Duken av det gamle



Den nye klokka i Atraa.



Klokkeringane i Atraa.

Prekestolen fraa Atraa kyrkja hev si eigi saga. Ettersom fleire eldre folk i Atraa fortel, so kom han fyrst til Kjetil Lisland. Dotter hans, Birgit, vart g. m. Kjetil Gjeisklid, og ho fekk stolen med seg dit. Kjetil tala stødt um „prekestolen“. Gro Gjeisklid kom til Traen, og so kom stolen dit, der han no vert bruka til skaap.

Me hev alt høyr, at det var prost Heyerdahl, som tok upp spørsmålet um aa bygge ny kyrkje i Atraa. Venteleg hev tanken um bygging vore uppe i lenger tid, for Møglestue hev i 1799 gjeve upp koss mykje alle hovud- og anneks-kyrkjur i bispedømet hev lagt ut til



Skriftestol.

Atraa kyrkje. Det var 118 rdl. 1 m. 8 sk. Herifraa gjeng innkasso, so det vert att 115 rdl. 3 m. 21 skl., som han gav til Knut Thomassen Skaarberg og John Halvorsen Ormsjorden, som var kyrkjevjerjur. Den 25. april



Altarduken.

Maurud, Johannes N. Sjautveit, Ole N. Rue, Hans H. Svalastogo, Ingebrit L. Alset, Ole O. Asland, Sondre J. Lofthus, Gjermund S. Bakka, Øystein P. Rollag og Øystein H. Ingolfsland. Disse menn var det altso, som paa det offentlege og folkets sine vegne skulde seia si mein- ing um den umlag 700 aar gamle stav- kyrkja.

Me tek med noko av nemndinnstillingi:


„De befandt kirken bygget av paa endestaa- ende stolper, og mellem disse vare kirkens vægge av svære paa endestaa- ende planker. Kirken, altsaa en saakaldt stave- kirke. Ved at betragte kirken udvendig, befandt retten, at dens grund el- ler hovudstøttestolper, 8 i tallet, flere aldels for-

hev han sendt brev til amtmannen og meldt ifraa, at Atraa kyr- kja er fallferdig. Han bed um amtmannen vil utnemne skynsmenn. Alt 13. aug. s. a. er skynet samla paa Atraa preste- gard. Det er Torgrim Romme, Kjetil Bøen og Torbjørn T. Bøen fraa Gransherad som lagret- temenn. Fraa Tinn møt- te disse: Gunbjørn A.



Den gamle prekestolen i Atraa.

raadnede og i en mere og mindre grad falden mod syd og vest, især mod vest, hvor endel støtter mod kirkens langvægge vare opsat. Som en følge av hovedstøtternes heldning, heldede hele bygningen mod syd og vest. Skulde en reparation av kirken ansees tilstrækkelig, maatte man først veie den hele kirkebygning paa ret fod igjen, hvilket vilde blive høist vanskelig. Den hele bygning vilde faa en ubødelig skade og arbeidet være spilt. Overalt om opreisning end gik for sig, saa skjønnede laugrettet, at det ikke var



Dørring fraa millomalderen.

fordelagtig for almuen at foretage reparation, da kirken desuden er forliden. Nogen tilbygning vil ei skjønnes at kunne ske, og den reparerede kirke vilde ikke blive av lang varighed. Paa grund av det saaledes fremførte finder laugrettet det efter sit bedste skjøn bedst tjenlig for almuen, at en ny kirke opføres".

Ingen nemner noko um, at gamlekyrkja burde faa staa. Johs. Sjautveit seier i sit votum, „at det vil bli saart for almuen at bygge en ny". Han meiner vel, at det vil bli dyrt. Gunbjørn Maurud seier, „at almuen i almindelighed skal reparere kirken". Øystein P. Rollag gieng med, dersom aalmugen orka aa byggje.

Altso, ingen vyrdnad for gamal kunst, berre det økonomiske.¹⁾ So vart desse valde til byggenemnd. Prost Heyerdahl, Ole N. Besager, Gunbjørn Andfindson Maurud, Ole Olson Asland, Engebret Alset og Gaute Midtbøen. Heyerdahl la fram ei teikning, og etter den skulde kyrkja koste full ferdig 2170 spdl. Ho skulde ha 2 hovuddører, ei mot vest og ei mot nord og so ei liti sakristidør. Vidare skulde det vera 12 fag vindaugo. — Arkitekt Linstow²⁾, som hadde teikna, klaga yvi, at byggenemndi



Atraa nye kyrkje.


hadde vore for knipne. „Derved er komposisjonerne blevne aldeles simple“, skriv han. Nemndi hadde eit og anna aa seia um teikningi, og i 1828 legg Linstow fram ei ny teikning „til en saakaldt langkirke“, 30×20 alnir, med rom for 500 menneskje. Brevet han skriv, er interessant i mange ting. Soleis skriv han um innreidningi av koret, „at han har lagt to faste bænke under prædikestolen for prestens medhjælpere og kirkens bekjente, og ved siden av døbefonten en stol for bisp og provst“. Derimot

¹⁾ Ved Resl. av 18/3 1828 vart det fastset, at stavkyrkja skulde rivast.

²⁾ I brevskapi er han nemnd løytnant

hev han ikkje stolar for aalmugen, „da det maa bli slut med, at almuen trønger sig frem paa koret, saa som de er vante med“. Vidare held han fram, „at stolene paa gulvet bør være familievis eller gaardevis, og kun for gaardbrugere, mens galleriet bør være for husmænd og tjenestetyende, hvis det ikke er bedre, at slik rangforskjel ei finder sted“, legg han varsamt til.

Teikningi vart godkjend av stiftsdirektionen i 1828, og i oktober held byggenemndi, ilag med Sigurd Madson Spaanheim, Johs. O. Maarheim, Øystein Olson Berge og Peder Tovson Husevoll,



Interiør av Atraa kyrkje, som ho no er.

eit licitationsmøte. Der vart det fastsett aa flytja kyrkja noko lenger mot vest og gjera kyrkjegarden større. Dei rekna no, at kyrkja kom til aa koste 3961 rdl. og 3 mark. Da ingen var viljug til aa ta noko arbeid for fastsett pris, baud aalmugen seg til aa ta grunnarbeidet som pliktarbeid. Dei søkjer desutan um aa faa gjeva alt trevyrke etter ein viss pris, utrekna etter skyldi. Murarbeidet tek Johannes og Nils Sjautveit, Hølje Sondreson Haakeland og Halvor Knutson Saalar paa seg. Dei skal ha 2 mark dagen paa eigen kost. Fyrst 12. juni 1833 vert det skrive kontrakt med timmermennane. Det var Kristen

Aslakson Rugstad og Kristen Anderson Stensaas, som tok det paa seg for 300 spd. og fri reise. Snikkararbeidet tok Kristen Rugstad aaleine for 600 spd., og det varde fraa 1834—36. Same aar vart kyrkja maala ute og inne av Sebjørn Halvorson Kværndalen fraa Rollag for 250 spd.

Den 4de september 1836 vart den nye kyrkja vigd inn paa bisp Sigvardts vegne av prost Schive med prestane fraa Vinje, Mo, Laardal, Fyresdal, Nissedal og Seljord, som medhjelparar. P. Wettergren fraa Mo held intimasjonstala. Gudstenesten enda med dette ynskje: „Herrens velsignelse hvile over dette vakre tempel og over dem, der samles til Herrens tilbedelse og dyrkelse“.

Den nye Atraa kyrkje hev i seinare tid fenge ein og annan paakostnad. I 1898 vart innreid barnesakristi, og i 1908 vart sidegalleriet teke burt og nye stolar innsett. Ei væn altartavle — Jesus og læresveinane i Emmaus — vart kosta. Det er kopi av Lars Osa, etter Eilif Pettersens maleri i Kristiansands domkyrkje. Galleri, søylur, prekestol og døypestol vart kvitmaala med gylte innfellingar. Himlingi vænt pryda. Umvølingi var etter teikning av arkitekt H. Børve og kosta 4000 kr.